

SANDØY KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

Kopi til: Ordfører  
Revisor  
Rådmann

Medlemmane av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SANDØY KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Måndag 17.09.2018 kl. 15.45  
på Sandøytunet. Møtet startar med ei synfaring.**

**SAKLISTE:**

- Sak 15/18 - Godkjenning av møtebok frå 18.06.2018
- Sak 16/18 - Prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 til Forvaltningsrevisjon.
- Sak 17/18 - Budsjettforslag 2019 for Sandøy kontrollutval.
- Sak 18/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

**Eventuelt**

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post <mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Svein Ove Søholt  
leiar  
(sign.)

## **Sak - 15/18 - Godkjenning av møtebok frå 18.06.2018**

### **KONTROLLUTVALET I SANDØY KOMMUNE**

#### **MØTEBOK**

Møtedato: 18. juni 2018, kl. 15.45

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av Svein Ove Søholt

Elles til stades:

Nils Erling Finnøy, Jan Kåre Brunvoll, Ann Elin Harnes og Janne Falch (vara).

Liss Anniken Hagen hadde meldt forfall.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte Svein Ove Otterlei.

Frå administrasjonen møtte rådmann Anny Sønnerland og einingsleiar Ann Kristin Røyset.

Det var ingen merknader til sakliste. Til innkalling ynsket Janne Falch at også varamedlemmar stod på epost lista for framtida.

---

## **Sak 11/18 - Godkjenning av møtebok frå 14.05.2018**

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 14. mai 2018 blir godkjent

---

## **Sak 12/18 - Orientering om Sandøytun ved rådmann/prosjektleiar.**

Kontrollutvalet fekk ei grundig orientering om prosjektet Sandøytun av rådmann Anny Sønnerland og einingsleiar Ann Kristin Røyset. Utvalets medlemmar stilte spørsmål knytt til framdrift og økonomiske sider ved prosjektet.

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak.

Leiar Svein Ove Søholt fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag:

Kontrollutvalet tar orienteringa til vitande.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tar orienteringa til vitande.

---

## **Sak 13/18 - Forslag til valg av tema for Forvaltningsrevisjon.**

Saksdokument datert 11.06.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Sandøy kontrollutval vel arbeidsmiljø som tema for Forvaltningsrevisjon og ber Kommunerevisjon3 kome attende til neste møte i utvalet med forslag til konkret prosjektplan.

---

## **Sak 14/18 - Melding; note 14 i rekneskap 2017 Sandøy kommune.**

Saksdokument datert 11.06.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Leiar Svein Ove Søholt fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag:

Kontrollutvalet tar meldinga til vitande.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tar meldinga til vitande.

---

Møtet vart avslutta kl. 17.10

Neste møte vart avtalt til måndag 17. september kl. 15.45. Møtet haldast på Sandøytun og startar med ei synfaring.

Svein Ove Søholt	Nils Erling Finnøy	Jan Kåre Brunvoll	Ann Elin Harnes	Janne Falch
leiar (sign.)	nestleiar (sign.)	medlem (sign.)	medlem (sign.)	varamedlem (sign)

## **Sak 16/18 - Prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 til Forvaltningsrevisjon.**

*Vedlegg: prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 ved Svein Ove Otterlei.*

### **Bakgrunn**

I sak 13/18 vedtok Sandøy kontrollutval å gjennomføre en forvaltningsrevisjon innenfor arbeidsmiljø og bestilte en prosjektplan på dette til neste møte.

### ***Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:***

*Sandøy kontrollutval vel arbeidsmiljø som tema for Forvaltningsrevisjon og ber Kommunerevisjon3 kome attende til neste møte i utvalet med forslag til konkret prosjektplan.*

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektplan frå Svein Ove Otterlei ved Kommunerevisjon 3. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Kontrollutvalet i Sandøy kommune bør derfor vedta forslag til plan og starte opp arbeid med forvaltningsrevisjon i tråd med dette.

### **Innstilling til vedtak:**

Kontrollutvalet igangsetjar arbeide med ein forvaltningsrevisjon av arbeidsmiljø i Sandøy kommune i henhold til vedlagte prosjektplan.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar

10. september 2018

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### Gjennomgang av arbeidsmiljøet i Sandøy kommune

## PROSJEKTPLAN

I sak 13/18 den 13. juni 2018 vedtok kontrollutvalet i Sandøy kommune å bestille ein forvaltningsrevisjon frå kommunerevisjonen. I vedtaket går det fram at tema skulle vere ein gjennomgang av arbeidsmiljøet i Sandøy kommune. Utvalet bad om at kommunerevisjonen kom attende til neste møte med eit forslag til ein konkret prosjektplan.

Sandøy kommune har sentrale samfunnsoppgåver. For at kommunen skal kunne utføre alle sine oppgåver effektivt og med god kvalitet, er det viktig å sikre eit godt arbeidsmiljø som gjer at kvar arbeidstakar kan yte sitt beste. Eit godt arbeidsmiljø er også ei lovpålagt oppgåve for kommunen.

Det at Sandøy kommune er ein god arbeidsgivar med eit godt arbeidsmiljø, er ein viktig føresetnad for vekst og utvikling i Sandøy-samfunnet.

### 1. PROBLEMSTILLINGAR

Prosjektet vil ha følgjande problemstilling:

*Har Sandøy kommune organisert den interne vernetenesta på ein god måte?*

### 2. REVISJONSKRITERIER

Revisjonsforskrifta angir at det skal etablerast revisjonskriterier for kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriterier er dei krav eller normer som dei innsamla data vert vurdert opp mot. Desse skal vere grunngitt i, og utleia frå, autoritative kjelder innanfor det området som er gjenstand for revisjon. Ein kan også leggje til grunn det ein må tru at det ikkje er usemje om.

Kommunelova legg ansvaret for at kommunen er gjenstand for ein trygg kontroll til rådmannen, jfr. § 23-2. Det inneber at rådmannen må ha nedfelt eit sett med gode prinsipp som gjer at kommunestyret kan forvente at viktige mål blir nådd.

Eit av desse måla er å overhalde lover og regler.

Vi vil ta utgangspunkt i arbeidsmiljølova med tilhøyrande regelverk.

Sentrale element i den interne vernetenesta er:

- Arbeidsmiljøutvalet
- Hovudverneombodet
- Verneomboda

### **Arbeidsmiljøutvalet**

- Det skal vere oppnemnt eit arbeidsmiljøutval, der arbeidsgivar og arbeidstakarar skal vere likt representert. Medlemmane skal vere kunnngjort ved oppslag på arbeidsplassen.
- Utvalet skal ta opp spørsmål på eige initiativ eller etter tilråding frå eit verneombod. Ein kvar arbeidstakar kan også ta kontakt med utvalet ved spørsmål knytt opp imot arbeidsmiljøet.
- Arbeidsmiljøutvalet skal handsame spørsmål som gjeld den interne vernetenesta. Utvalet kan vedta at arbeidsgivar gjer konkrete tiltak for utbetring av arbeidsmiljøet.
- Arbeidsmiljøutvalet skal ha 4 møter i året, skrive referat og utarbeide ein rapport om sitt arbeid til kommunen sine styrande organ og arbeidstakarane sine organisasjonar.

Kriteria er utleia frå arbeidsmiljølova (aml.) § 7-1 (1), som seier at det skal vere eit arbeidsmiljøutval i verksemdar som sysselsett minst 50 arbeidstakarar. Aml. § 7-1 (3) om oppslag på arbeidsplassen, og aml. § 7-2 som syner arbeidsmiljøutvalet sine oppgåver. Aml. § 7-2 (6) om utvalet si rapportering til kommunen og organisasjonane.

### **Hovudverneombodet**

- Det skal være oppnemnt eit hovudverneombod som har ansvaret for å samordne arbeidet til verneomboda i kommunen.
- Hovudverneombodet skal vere valt blant verneomboda, og valet skal kunnngjerast ved oppslag på arbeidsplassen.
- Hovudverneombodet skal delta på arbeidsmiljøutvalet sine møter.

Revisjonskriteria er utleia frå arbeidsmiljølova § 6-1 (3) og (4).

### **Verneomboda**

- Det skal vere oppnemnt eit verneombod ved dei kommunale einingane. Kven som er verneombod skal kunnngjerast ved oppslag på arbeidsplassen.
- Verneombodet skal vere arbeidstakarane sin representant ved arbeidsmiljøspørsmål og i arbeidsmiljøutvalet. Verneombodet skal sjå til at arbeidsgivar overheld dei kravane som blir stilt til arbeidsmiljøet i lov og forskrift.
- Sandøy kommune skal sørge for at verneombodet får nødvendig opplæring og tid til å utøve vervet på ein forsvarleg måte. Ved situasjonar som krev at verneombodet grip inn, må denne alltid kunne forlate arbeidsplassen.
- Verneombodet har plikt til å forfølge arbeidsmiljøproblem som er brot på arbeidsmiljølova sine reglar. Om ikkje arbeidsgivar tar tak i saka, skal verneombodet varsle arbeidsmiljøutvalet.

- Verneombodet si rolle må ikkje forvekslast med ein tillitsvalt si rolle. Ved konflikt i enkeltsaker skal ein arbeidstakar kunne kontakte sin tillitsvalt. Verneombod kan vere lyttande, men skal ha ei objektiv rolle i slike saker.

Kriteria er utleia frå Arbeidsmiljølova §6-1 og § 6-2 om verksemda si plikt til å opprette verneombod og verneombodets oppgåver.

Føremålet med problemstillinga i prosjektet, er å kartlegge på kva måte Sandøy kommune varetek arbeidsmiljølova sine krav om verneteneste for dei tilsette i kommunen. Samstundes om verneomboda, hovudverneombodet og arbeidsmiljøutvalet fungerer i tråd med formåla i arbeidsmiljølova.

### **3. METODE OG GJENNOMFØRING**

Undersøkinga baserer seg på Norges Kommunerevisorforbund sin standard for forvaltningsrevisjon.

Kommunerevisjonen vil foreta dokumentanalyse av kommunen sine eigne retningslinjer vedkomande temaet i dette prosjektet og eventuelle møtereferat. Vi vil også gjere ein gjennomgang av kommunen si eiga medarbeidarundersøking om arbeidsmiljøet, som vart gjennomført i 2017.

For å kunne få ei betre forståing om rutiane og systema omkring vernetenesta i kommunen, er det i dette prosjektet tenleg å gjennomføre intervju med eit utval av tilsette frå kvar eining. Deriblant verneomboda, leiar av arbeidsmiljøutvalet, hovudverneombodet og tillitsvalte.

Prosjektet vil bli gjennomført i tråd med følgjande framdriftsplan:

- Oppstartsmøte med rådmann
- Gjennomgang av rutinar og retningslinjer
- Intervju med sentrale personar
- Utarbeiding av rapport
- Sluttmøte med rådmann

Det er vår vurdering at dette skal gje eit tilstrekkeleg grunnlag for å gje svar på problemstillinga.

#### 4. TIDSPLAN

Prosjektet inneheld førebuingar, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data, utarbeiding av rapport og kvalitetssikring.

Ein tek sikte på eit oppstartsmøte med rådmannen innan midten av oktober 2018.

Eit høringsutkast til rapport er planlagt å ligge føre innan januar 2019. Det er vanlegvis ein høringsperiode på tre veker etter dette.



Svein Ove Otterlei  
oppdragsansvarleg

-----  
Lillian Reder Kristoffersen  
prosjektansvarleg



## **Sak 17/18 - Budsjettforslag 2019 for Sandøy kontrollutval.**

### **VEDKOMANDE BUDSJETT 2019 – SANDØY KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Sandøy kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Sandøy kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 18/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.**

*Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3, daterte 10. septembar 2018.*

Sjå vedlagte brev frå Kommunerevisjon 3 ved konst. dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka leggst fram som ei orientering og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjent er det ei av kontrollutvalets viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommuneloven §78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørge for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

Saka blir lagd i denne omgangen fram for kontrollutvalet utan innstilling til vedtak.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar

## Sandøy Kontrollutval

Vår sakshandsamar:  
Kurt Løvoll

Vår dato:  
10.09.2018  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

### Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS

I representantskapsmøte for Komrev3 IKS 15.06.18 vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Det blir sett ned følgjande arbeidsgruppe som saman med representantar frå tilsette skal arbeide vidare med strategiplan og utvikling av selskapet med mål om å etablere ei større og meir robust revisjonseining frå og med 01.01.2020:*
  - *Jim-Arve Røssvold, ordførar Sula kommune*
  - *Harry Valderhaug, ordførar Giske kommune*
  - *Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune*
  - *Johs Aspehaug, styreleiar*
  - *Kurt Løvoll, konst. dagleg leiar*
- 2. Arbeidsgruppa får mandat som forhandlingsutval ovanfor aktuelle samtalepartnarar.*
- 3. Det skal sendast invitasjon til forhandlingar både til eigarar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og til Møre og Romsdal Revisjon IKS jf. deira styrevedtak 01.06.2018:*  
*«Styret stiller seg bak sonderinger knyttet til mulig sammenslåing og ber styrets leder og daglig leder å fortsette dialogen med KomRev3 og ev. etablere dialog med revisjonsenheten på Søre Sunnmøre.»*
- 4. Resultat av forhandlingar med framforhandla forslag til løysing skal leggjast fram i neste representantskapsmøte i november 2018.*
- 5. Dersom det er naudsynt skal det kallast inn til ekstra representantskapsmøte.*

Konstituert dagleg leiar i Komrev3 IKS sendte før sommaren invitasjon i tråd med vedtaket til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS. Det er mottatt munnleg tilbakemelding frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS om at det ikkje er aktuelt å gå i forhandlingar no. Det kom vidare positiv tilbakemelding frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, og det er etter dette gjennomført samtaler med dette selskapet.

Møre og Romsdal Revisjon IKS hadde etter dette representantskapsmøte 07.09.18 der det vart fatta følgjande vedtak:

1. *Representantskapet ønsker at MRR skal gå i forhandlinger om mulig sammenslåing med KOMREV 3.*
2. *Representantskapet oppnevner forhandlingsutvalg bestående av:*
  - *3 Ordførere/varaordførere fra eierne i MRR, samt 3 vararepresentanter*
  - *Styrets leder i MRR*
  - *Daglig leder i MRR*
  - *Ansattrepresentant fra MRR*
3. *Forhandlingsutvalget får forhandlingsfullmakt til å forhandle med forhandlingsutvalget i KOMREV 3.*
4. *Resultatet fra forhandlingene fremmes i eiermøte i MRR.*

*Representanter:*

*Kjell Neergård med Ingunn Golmen som vara*

*Gunn Berit Gjerde med Jon Aasen som vara*

*Torgeir Dahl med Lilly Gunn Nyheim som vara*

Komrev3 IKS ønsker å halde kontrollutvala orienterte om dette arbeidet, og vil kome attende med ytterlegare informasjon når det ligg føre.

Med helsing

Kurt Løvoll

konst. dagleg leiar